



Utval: Hordaland fagskulestyre
Møtestad: Bergen tekniske fagskole
Dato: 10.09.2015
Tidspunkt: 10:00 – 11.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Leiar	FRP
Aslaug Hellesøy	Nestleiar	KRF
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Signe Olga Gangsøy	Medlem	TILSETT
Steffan Wetherell	Medlem	STUDENT

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Toralv Mikkelsen	Medlem	A
Anette Netteland Dybvik	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørnar Hamre	Toralv Mikkelsen	

Merknader

Følgjande rektorar møtte:
Anne Sjøvold, rektor Bergen maritime fagskole
Torbjørn Tvedt, rektor Bergen tekniske fagskole
Tor Johannes Hjertnes, rektor Hordaland helsefagskole

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Adeline Berntsen	Rådgjevar
Øydis R. Ziem	Styresekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 28/15	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 29/15	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 30/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 5/15	Møteplan for Hordaland fagskulestyre 2016	2014/2	
RS 6/15	NOKUT varslar om nye søknadsfristar for godkjenning av fagskuleutdanning	2014/2	
RS 7/15	NOKUT skal kartleggje all teknisk fagskuleutdanning for eventuelt tilsyn	2014/2	
PS 31/15	Utvikling av nytt fagskuletilbod innan alternativ energi ved Bergen tekniske fagskole	2014/2	
PS 32/15	Oppretting av nye klassar ved Hordaland helsefagskole hausten 2015	2014/2	
PS 33/15	Årsmeldingar for Fagskolane i Hordaland 2014-15	2014/2	
PS 34/15	Tilbod om avtale på kinoreklame 2015/16	2014/2	
PS 35/15	Fullmakt til å godkjenne funksjonstillegg for kontaktlærer/klassekoordinator i fagskulen	2014/2	
PS 36/15	Ymse		

PS 28/15 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 29/15 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

Vedtak

Møtebok frå forrige styremøte vart samrøystes godkjent.

PS 30/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

Vedtak

Meldingane vart tekne til orientering.

RS 5/15 Møteplan for Hordaland fagskulestyre 2016

RS 6/15 NOKUT varslar om nye søknadsfristar for godkjenning av fagskuleutdanning

RS 7/15 NOKUT skal kartleggje all teknisk fagskuleutdanning for eventuelt tilsyn

PS 31/15 Utvikling av nytt fagskuletilbod innan alternativ energi ved Bergen tekniske fagskole

Produksjon av energi og utvikling av nye metodar for å utvinne fornybar energi er eit etterspurd kompetansefelt. Bergen tekniske fagskole har lang erfaring innan elektro og fleire aktuelle samarbeidspartnarar i energimarknaden. I tråd med samfunnsutviklinga er det ønskjeleg å utarbeida ei ny fagskuleutdanning innan alternativ energi som kan vere med og møte framtidens kompetansebehov.

Forslag til vedtak

1. Bergen tekniske fagskole kan utvikle nytt fagskuletilbod innan alternativ energi.
2. Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning vert handsama i eiga sak når utdanningsplanen er ferdig utvikla.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

Vedtak

1. Bergen tekniske fagskole kan utvikle nytt fagskuletilbod innan alternativ energi.
2. Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning vert handsama i eiga sak når utdanningsplanen er ferdig utvikla.

PS 32/15 Oppretting av nye klassar ved Hordaland helsefagskole hausten 2015

Forslag til vedtak

Hordaland helsefagskole startar opp følgjande klassar hausten 2015:

Tilbod	Stad
Rehabilitering*	Nordnes
Psykisk helsearbeid/rusarbeid	Stend
Spesialreinhold (stadbasert)	Nordnes
Spesialreinhold (nettbasert)	Nett/Nordnes

**Dersom det er minst 15 studentar ved start.*

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

Vedtak

Hordaland helsefagskole startar opp følgjande klassar hausten 2015:

Tilbod	Stad
Rehabilitering*	Nordnes
Psykisk helsearbeid/rusarbeid	Stend
Spesialreinhold (stadbasert)	Nordnes
Spesialreinhold (nettbasert)	Nett/Nordnes

**Dersom det er minst 15 studentar ved start.*

PS 33/15 Årsmeldingar for Fagskolane i Hordaland 2014-15

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre tek saka til orientering og ventar oppfølgingssak med kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland før endeleg handsaming.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tek saka til orientering og ventar oppfølgingssak med kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland før endeleg handsaming.
2. Hordaland fagskulestyre ber rektor v/Hordaland Helsefagskole vurdere framtidig bruk av lokale på Stend vidaregåande skule.

PS 34/15 Tilbod om avtale på kinoreklame 2015/16

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek at det vert inngått ein avtale med Capa Kinoreklame AS om visning av informasjonsfilm om Fagskolane i Hordaland i 8 veker fordelt på vinteren 2015 og våren 2016.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre vedtek at det vert inngått ein avtale med Capa Kinoreklame AS om visning av informasjonsfilm om Fagskolane i Hordaland i 8 veker fordelt på vinteren 2015 og våren 2016.
2. Hordaland fagskulestyre vedtek at det også vert takka ja til tilbodet om visning på Sotra kino.

PS 35/15 Fullmakt til å godkjenne funksjonstillegg for kontaktlærer/klassekoordinator i fagskulen

Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tek gjeldande arbeidstidsavtale for Fagskolane i Hordaland til etterretning.
2. Rektorane ved fagskulane får fullmakt til å gje funksjonstillegg innanfor den ramma som til ei kvar tid gjeld i Hordaland fylkeskommune, og innanfor den økonomiske ramma som er tildelt Fagskolane i Hordaland.

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tek gjeldande arbeidstidsavtale for Fagskolane i Hordaland til etterretning.
2. Rektorane ved fagskulane får fullmakt til å gje funksjonstillegg innanfor den ramma som til ei kvar tid gjeld i Hordaland fylkeskommune, og innanfor den økonomiske ramma som er tildelt Fagskolane i Hordaland.

PS 36/15 Ymse

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.09.2015

DIVERSE ORIENTERINGAR.

Orientering frå rektorane ved dei tre fagskulane i samband med drøfting av Årsmelding for Fagskolane i Hordaland.

Særlege merknader:

Bergen maritime fagskole: Problem med infrastrukturen vedk. IT-funksjonen for studentane
Vil gjennomføra den årlege elevundersøkinga før jul istadenfor om våren.

Bergen tekniske fagskole: Uro for framtida for prosessutdanninga
Godt fungerande sensorarbeid

Status for utdanningar som er godkjent av NOKUT, men som pr. dato ikkje er «aktive»

Hordaland Helsefagskole: Utfordrande med spreiding av undervisningslokaltetar
Tal studentar er lågt
Låg gjennomføringsgrad

Vedk. tilbod om psysisk helse- og rusarbeid:

Rådgjevar Adeline Landro informerte om ein ekstra kostnad på omlag kr. 140.000 i samband med kompetanseheving knytt til tilbod om psysisk helse- og rusarbeid v/Hordaland Helsefagskole. Tilbodet er no til godkjenning hjå NOKUT. Frist for tilbakemelding var fredag 4.sept., og styreleiar gav administrasjonen klarsignal for godkjenning.

Vedtak: Hordaland fagskulestyre sluttar seg til styreleiar sitt tilsagn om dekning av nemnde kostnad.

Vedk. studentmedlemskap i ONF (organisasjon for fagskulestudentane sine rettigheter).

Styret ber administrasjonen leggja fram sak til neste styremøte.